

Oppsummering

Sognefjord Bike & Hike

Forprosjekt 2018/2019



FOTO: Adventure Tours, Skjolden

Innhald

Oppsummering frå forstudie.....	5
Mogleheiter for eit hovudprosjekt.....	6
Ulike forslag som har kome fram i forprosjektet:	6
Utfordringar for eit hovudprosjekt.....	6
Utfordringar som har kome fram i forprosjektet:	6
Aktørar.....	7
I Lærdal.....	7
I Årdal	7
I Sogndal.....	7
I Aurland/Flåm	8
I Luster	8
I Vik.....	8
I Fjærland	9
I Høyanger	9
I Balestrand	9
I Leikanger	9
Aktuelle støttefunksjonar til hovudprosjektet	10
Aktuelle samarbeidspartnarar til hovudprosjektet	10
Lærdal.....	11
Aktuelle ruter/vegar	11
Ruter/vegar som er kan vera aktuelle, men som har utfordringar	11
Aktuelle aktørar for utleige og /eller guiding	11
Aktuelle aktørar for vedlikehald og transport av syklar	11
Kommentarar/ andre opplysningar.....	11
Årdal	12
Aktuelle ruter/vegar	12
Ruter/vegar som er kan vera aktuelle, men som har utfordringar	12
Aktuelle aktørar for utleige og /eller guiding	12
Aktuelle aktørar for vedlikehald og transport av syklar	12
Kommentarar/ andre opplysningar.....	12
Luster.....	13
Aktuelle ruter/vegar	13
Innspel frå BesteBakken:	13
Innspel frå Adventure Tours og Olav Grov:	13
Innspel frå Fjord Cycling ved Merete Høgi	14

Ruter/vegar som er kan vera aktuelle, men som har utfordringar	14
Innspel Adventure Tours:	14
Innspel frå møte i Luster:	14
Aktuelle aktørar for utleige og /eller guiding	15
Aktuelle aktørar for vedlikehald og transport av syklar.....	15
Kommentarar/ andre opplysningar.....	15
Sogndal	16
Aktuelle ruter/vegar	16
Ruter/vegar som er kan vera aktuelle, men som har utfordringar	16
Aktuelle aktørar for utleige og /eller guiding	16
Aktuelle aktørar for vedlikehald og transport av syklar.....	16
Kommentarar/ andre opplysningar.....	16
Leikanger	17
Aktuelle ruter/vegar	17
Ruter/vegar som er kan vera aktuelle, men som har utfordringar	17
Aktuelle aktørar for utleige og /eller guiding	17
Aktuelle aktørar for vedlikehald og transport av syklar.....	17
Kommentarar/ andre opplysningar.....	17
Fjærland	18
Aktuelle ruter/vegar	18
Ruter/vegar som er kan vera aktuelle, men som har utfordringar	18
Aktuelle aktørar for utleige og /eller guiding	18
Aktuelle aktørar for vedlikehald og transport av syklar.....	18
Kommentarar/ andre opplysningar.....	18
Balestrand	19
Aktuelle ruter/vegar	19
Ruter/vegar som er kan vera aktuelle, men som har utfordringar	19
Aktuelle aktørar for utleige og /eller guiding	19
Aktuelle aktørar for vedlikehald og transport av syklar.....	19
Kommentarar/ andre opplysningar.....	19
Vik	20
Aktuelle ruter/vegar	20
Ruter/vegar som er kan vera aktuelle, men som har utfordringar	20
Aktuelle aktørar for utleige og /eller guiding	20
Aktuelle aktørar for vedlikehald og transport av syklar.....	20
Kommentarar/ andre opplysningar.....	20

Høyanger.....	22
Aktuelle ruter/vegar	22
Ruter/vegar som er kan vera aktuelle, men som har utfordringar	22
Aktuelle aktørar for utleige og /eller guiding	22
Aktuelle aktørar for vedlikehald og transport av syklar.....	23
Kommentarar/ andre opplysningars.....	23
Aurland/Flåm.....	24
Aktuelle ruter/vegar	24
Ruter/vegar som er kan vera aktuelle, men som har utfordringar	24
Aktuelle aktørar for utleige og /eller guiding	24
Aktuelle aktørar for vedlikehald og transport av syklar.....	24
Kommentarar/ andre opplysningars.....	24
Aktuelle tiltaksområde i hovudprosjektet.....	25


Oppsummering frå forstudie

Før forprosjektet kom i gang i september 2018 vart det gjennomført ein forstudie med ei første kartlegging der ein innhenta informasjon frå næringsansvarlege i kommunane basert på følgjande spørsmål: Kva kan vera aktuelle ruter (anleggsvegar, avstengde bilvegar, gangvegar, stiar m.m) som kan nyttast til sykling utan at det er behov for tilrettelegging, kven kan vera aktuelle aktørar for utleige og/eller guiding (aktivitetsverksemder og andre) og kven kan vera aktuelle aktørar for vedlikehald og transport av syklar (sportsbutikkar, verna verksemder eller andre).

Forprosjektet har tatt dette eit steg vidare ved å involvera både næringssjefane i kommunane og verksemder som kan bidra anten innan utleige/guiding, vedlikehald og logistikk inn i eit hovudprosjekt. Tilbakemeldingane som kom i forstudien til forprosjektet syner at det er interesse for å driva med utleige av syklar i Sogn, og fleire reiselivsverksemder tilbyr dette alt i dag. Det er behov for ei overordna satsing på infrastruktur og samarbeid for å utvikla sykling som produkt, og gjennom prosjektet vil ein byrja på dei strekningane som finst i dag, og bygga opp rutenettet gradvis. Sykkelopplevingar som reiselivsprodukt kan med relativt små investeringar la seg iverksette av små aktørar/verksemder, og kan kombinerast med anna drift/tilbod.

Ei slik satsing vil involvera andre verksemder på rutene knytt til lokal mat/servering, aktivitetar og overnatting. Det er viktig å presisera at det som ligg innanfor satsinga i dette prosjektet er utvikling av lett tilgjengelege sykkelvegar som har lite biltrafikk. Stisykling ligg såleis utanfor dette prosjektet.

Potensialet for sykling i Sogn finn ein i alle fjordbygdene:



Mogleheiter for eit hovudprosjekt

Kartlegginga i forprosjektet syner at det utan tvil er eit stort potensiale for å satsa på sykkelturisme i Sogn. I Sogn finn ein gode leverandørar for både opplevingar & aktivitetar, lokalmat & lokal drikke og ulike overnattingstypar som dekker heile spekteret frå hytter til hotell som held høg kvalitet.

Ulike forslag som har kome fram i forprosjektet

- Ein måte å satsa på er å starta med tilrettelegging for sykkelturisme ut frå hovudinnfartsårene til Sogn:
 - 1) Bergen via Rallarvegen/Flåmsbana (evt E16)
 - 2) Oslo via E16 til Lærdal (samarbeide med Visit Valdres og kople på sykling på Mjølkevegen og Kongevegen)
 - 3) Oslo via FV53 til Årdal (samarbeide med Visit Valdres og kople på sykling på Mjølkevegen)
 - 4) Haukåsen (Fly & Bike med Widerøe /produkt frå Fjord Cycling i dag)
- Sykkelbåt i Sogn (forslag frå fleire aktørar). Unikt produkt som toget i Sør-Tirol. Vil kreva at kommunane går saman i ei felles satsing, evt nokre få, men store aktørar.
- Klarar ein å binda saman dei ulike fjordbygdene, så kan ein selja vekesopphald i Sogn med sykling som hovudaktivite ti kombinasjon med både matopplevingar, vandring, museum o.l. Hovudprosjektet bør undersøka moglegheita for å tilrettelegga/utvida eksisterande båtruter i Sogn for sykkelturisme.
- Felles innkjøpsordning av syklar
- Felles vedlikehald/service/transport; Ein bør kunne leige sykkel i Gudvangen og leve den i Balestrand om ein vil
- Søke spelemidlar til ruter/trasear
- Konsept: sykle gjennom Sogn (Bike the Sognefjord)

Utfordringar for eit hovudprosjekt

Sognefjorden som område er prega av kronglete vegstrekningar, mange tunnelar, rasfare, vinterstengde vegar og vanskeleg kommunikasjon med offentleg transport mellom fleire av kommunane. Det finst fine sykkelruter i kvar einaste kommune, men det er utfordrande å forflytta seg (med sykkel) mellom mange av kommunane.

Utfordringar som har kome fram i forprosjektet

- Skilting av sykkelvegar/sykkelruter
- For å kunna kopla saman dei ulike kommunane i ei felles sykkel-satsing, må det bli enklare og tryggare for gjestene å ta seg frå fjordbygd til fjordbygd. Det er nødvendig med overordna satsing på *infrastruktur og samarbeid* for å utvikla sykling som produkt, og gjennom prosjektet vil ein byrja på dei strekningane som finst i dag, og bygga opp rutenettet gradvis
- Rasfare
- Sykle i eller utanom tunnelar? Vil kreva tilrettelegging/sikring og/eller lysregulering
- Vedlikehald av dei ulike vegstrekningane/gangvegane. Kven har ansvar? Kommune, fylke eller vegvesenet?
- Handtering av bos og tilgang på toalett

Aktørar

Nedanfor følgjer ei oversikt over aktørar i dei ulike kommunane som kan involverast i eit hovudprosjekt.

I Lærdal

Næringsapparatet: Ole Ramshus Sælthun frå LNU

Guideselskap:

- Tyri Oppleving ved Johanne Heie (Lærdalsøyri, kongevegen mm)
- Sognefjord Adventures ved Odd Helge Brugrand og Helene Maristuen

Overnatting:

- Maristova ved Knut Maristuen, leiar i bedriftsnettverket for Kongevegen
- Vindedal camping og hytter. Medl av VS.

Transport: Marianne Solheim som køyrer taxi.

Oppleving: Bonde Bente Øien Hauge har ønskje om å utvikla turistnæring i tilknyting til garden. Historie- og kulturformidling.

I Årdal

Næringsapparatet: Terje Laberg og Jorunn Nilssen frå ÅU

Guideselskap: Bulder & Brak opplevingar AS ved Lars-Kristian Fauske

Overnatting:

- Utladalen camping/Svalheim gard i Utladalen
- Sitla hotel & apartments
- Vetti Gard*
- Klingenbergs Hotel
- Indre Ofredalen ne`fø sjøen

Transport: Utladalen Camping ved Kristoffer Nystedt er interessert i å ta ansvar for logistikk/transport. Eit alternativ er å utfordra ASVO (verna verksemد) eller å få til eit samarbeid med tindevegbsussen om sommaren mtp gamlevegen over Sletterust til Tusenmeteren.

**dersom ein får aksept for stor sykkeltur i landskapsvernområdet i Utladalen*

I Sogndal

Næringsapparatet: Torgeir Skålid

Guideselskap: Sognefjord Guiding ved Torbjørn Ørnes, Sogndal Lodge ved Sander Buene

Overnatting: Kjørnes Camping, Quality Hotel Sogndal, Uteplassen, hytter i Hodlekve, Sogndal Lodge

Transport: Sognefjord Guiding

Vedlikehald: Intersport Sogndal (kan bistå kommunane rundt seg) og Sognefjord Guiding

Oppleving: Sogn folkemuseum, Kaupanger Stavkyrkje, Fjordmuseet.

I Aurland/Flåm

Næringsapparatet: Nærøyfjorden Verdsarvpark er kopla på ved Snædis Bjarnadottir og Bengt Erlend Skjerdal

Aurland Ressursutvikling: Øivind Holsen (sals- og marknadssjef)

Vener av Flåmsdalen - kulturformidling

Rallarvegsrådet – skiltprosjekt (avstandsmåling)

Guideselskap: Flåm Guideservice og Flåm Travel

Overnatting: Vatnahalsen Hotel, Fretheim Hotel, Lunde Camping, Vangsgaarden. Fretheim Hotel serverer lokal mat via buffet samtidig som dei reklamerer for *afterbike* på hotellet med smak av lokalt øl og spekemat.

Transport: Aurland Taxi, Flåm AS ved Flåmsbana, Flåm Travel

Oppleveling: Flåmsbana, Fjord Safari, Explore Undredal, 292 Aurland, Laim Stølscafè ved Gjøri Skjerdal, Bengt Erlend Skjerdal (besøkstun?)

I Luster

Næringsapparatet: Olav Grov, næringssjef

Guideselskap:

- Fjord Cycling ved Merete Høgi
- Adventure Tours ved Karlis Bremer

Overnatting:

- Gaupnetun
- BesteBakken ved Lindis Alme (har 6 el-sykler pr i dag)
- Skjolden Hotel
- Lyngmo Hotel
- Eikum Hotel
- Walaker Hotel
- Tørvis Hotel

Transport: Adventure Tours ved Karlis Bremer (sykkelhengar på RIB + bilhengar)

Oppleveling: Breheimssenteret i Jostedalen ved Trygve Snøtun

I Vik

Næringsapparatet: Odd Rune Turvoll, næringssjef

Guideselskap: Balestrand Adventure ved Jesse Bratt, Sylvringen AS

Transport: Alternativ Bil AS ved Geir Johansen (Elbil-utleige mm)

Overnatting: Blix Hotel ved Jorunn Åsfrid Røyrvik, Frøys Hus ved Liv Hatlelid Gilpin, Arnafjorden camping (2 stk), Dee Cunningham (Fresvik), Julie Bøthun (Fresvik)

Oppleveling: Båtmotorsmuseet (bak bensinstasjonen), Alm Is i Feios (visningsrom), Sylvringen

I Fjærland

Kontakt: Pål Gran Kielland

Oppleveling: Bokbyen i Fjærland ved Marianne Supphellen, Norsk Bremuseum

Guideselskap: Fjærland Guiding ved Pål Gran Kielland

Overnatting: Bøyum Camping ved Jon-Ove Eineteig, Fjærland Fjordstove Hotel ved Bård Huseby og Fjærland Hytter

I Høyanger

Næringsapparatet: Høyanger Næringsutvikling ved Birgitta Hagen Kyrkjebø

Oppleveling: Industrimuseum og galleri i Byporten, røyrgata og trappetrinna over Høyanger, Sogn Tours/Lavik Fjord Hotel

Overnatting: Øren Hotel, Sogn Hotel, Lavik Fjord Hotel

Transport: Sogneprodukt?

I Balestrand

Næringsapparatet: Balestrand kommune ved næringssjef Joacim Systaddal

Oppleveling: Balestrand Adventure ved Jesse Bratt

Transport: Balestrand Tour ved Geir Willy Nesse

Guiding/utleige: Balestrand Adventure

Overnatting: Dragsvik Fjordhotel, Kvikne Hotel, Midtnes – lite hotel (30 rom), Balestrand Hotel, Kringsjå Hotel, Veganeset Camping (Dragsvik)

I Leikanger

Næringsapparatet: Åse Njøs, Leikanger kommune

Oppleveling: Edgar ved Leikanger Fjord Hotel, Henjatunet, Vingarden på Slinde

Transport: Ingen pr no

Guideselskap: Ingen pr no

Overnatting: Leikanger Fjord Hotel, Sognefjord Hotell

Aktuelle støttefunksjonar til hovudprosjektet

- Statens Vegvesen for å planlegga/godkjenna vegar som sykkelruter

Aktuelle samarbeidspartnarar til hovudprosjektet

- Mountains of Norway, Vang
- Visit Valdres
- Kommunane

Sogn som sykkeldestinasjon

- ei kartlegging

Lærdal

Aktuelle ruter/vegar

- Frå Maristova til Borlaug på gamle E16 (lite trafikk). Vinterstengt.
- Kongevegen frå Vang via Maristova til Seltun (sårbart underlag?)
- Matsafari med Tyri Oppleving med Lærdalsøyri som utgangspunkt

Ruter/vegar som er kan vera aktuelle, men som har utfordringar

- Frå Maristova til Lærdal sentrum. Frå Maristova og nesten ned til Bjørkum er det samanhengande lite trafikkert veg eller gang- og sykkelsti med unntak av eit vegstykke frå Borlaug. Frå Borlaug og vidare er det eit strekke på ca 300 meter som går på nye E16. Etter 300 meter kan ein ta av til gamle E16 igjen, som er lite trafikkert. Gamlevegen går heilt til Steinklepp/Borgund sentrum. Kjem over på gamle E16 rett aust for stavkyrkja og vidare på denne heilt til Seltun. Frå Seltun er det gang- og sykkelsti sett vekk frå 50 meter på Bjørkum og ned til Ljøsne. Ved Ljøsne skule kjem ein inn på sideveg.

Problem: Tønjum – forferdeleg vegstykke. Her må det gjerast noko – td laga gang- og sykkelsti frå kyrkja på Tønjum. Tønjum kyrkje opp til Voll bru; ingen vegskulder her. Eit problem i forhold til kongevegen også. *Grunneigartrøbbel*.

Løysing: sykkelmottak på Seltun, med skyttelbuss ned til sentrum.

- Frå Lærdal sentrum til Erdal via Refsnes. Utfordring: Trafikk som kjem over Aurlandsfjellet. Lite trafikk frå Erdal ut til Refsnes. Utfordring: Tunnel utan lys og rasfare på vegen rundt (utsida av tunnelen). Vegen er open til Vindedal, men ikkje lenger.

Aktuelle aktørar for utleige og /eller guiding

Utleige:

- Lærdal Ferie- og motorikkkpark ved Even Aarethun, men han er ikkje medlem av VS.
- Ole Ramshus Sælthun skal overta garden på Seltun. Han kan vera interessert i å driva utleige av syklar med tilknyting til garden.

Guiding:

- Sognefjord Adventures
- Tyri Oppleving

Aktuelle aktørar for vedlikehald og transport av syklar

Lærdal Ferie- og motorikkkpark ved Even Aarethun, men han er ikkje medlem av VS. Han har kompetanse på sykkel, reparasjonar osb. Han driv sykkelutleige.

Kommentarar/ andre opplysningar

Problemstilling: sykkel som produkt på Kongevegen kan vera øydeleggande. Men gamle E16 går parallelt nesten heile vegen, og er fin å sykla. Må skiltast tydeleg. Gamle E16 ER open for trafikk. Kan vera problem med store bubarlar. Galdane – gamle E16 går rundt Seltatunnelen. Rasteplass ved gamle E16 er utkikkspunkt mot Galdane. (Kontakt i Lærdal: Ole Ramshus Sælthun)

Årdal

Aktuelle ruter/vegar

Frå rastepllass på 400 meteren (F53) til 1000 meteren. Bratt – eigna for el-sykkel.

Frå rastepllass på 400 meteren innover Rausdalen. Bratt – eigna for el-sykkel.

«Frå Vikingtid til industri» – kulturhistorisk sykkeltur frå nye industrimuseet (2020) ved Hydro Aluminium i Øvre Årdal, til gamle kraftstasjonen ved Moa, opp på Ytre Moa for å oppdaga vikinggravene og hustuftene der, vidare på sykkel- og gangsti ned til Årdalsvatnet langs Utla (vasskraft) og tilbake til sentrum.

Ruter/vegar som er kan vera aktuelle, men som har utfordringar

«Rallarvegen i Årdal» Frå Sletterust til 1000 meteren via gamlevegen ned til Øvre Årdal.

Utfordringar: vegen har rasa ut på eit parti. Hydro energi er villig til å betala reparasjon/bru, så lenge grunneigar tek ansvar for vegen etterpå. Her står det stille. Årdal Utvikling jobbar med saka.

«Utladalen» Øvre Årdal til Vetti Gard. Utfordring: Auka sykkeltrafikk på Folkevegen i Utladalen Landskapsvernområde kan fort koma i konflikt med anna ferdsel (gåande i hovudsak).

Aktuelle aktørar for utleige og /eller guiding

Bulder & Brak Opplevingar AS ved Lars-Kristian Fauske.

Aktuelle aktørar for vedlikehald og transport av syklar

Utladalen camping ved Kristoffer Nystedt; har fremja ønskje om å satsa på sykkel i Årdal under eit felles AS der fleire verksemder går saman og investerer.

ASVO ved Veronica Øyre (verna verksemd)

Klingenbergs Hotel ved Erling Eggum

Kommentarar/ andre opplysningar

Indre Ofredalen er eit område med stort potensiale. Her vil det koma hytteutbygging, der er eit skisenter (Seimsåsen aktivitetssenter) som fint kan tilrettelegga for sykling på sommaren og her finn ein dei historiske bygningane ved fjorden som er under restaurering av Riksantikvaren. Grusvegar/skogsvegar.

Årdal har, som Høyanger, gode moglegheiter for å kombinera reiselivsprodukt med industribesøk.

Luster

Aktuelle ruter/vegar

Innspel frå BesteBakken:

- 1) Sørsida av Lustrafjorden (Urnes, Kroken, Feigum mm).
- 2) Populært å sykla frå BesteBakken til Moane for gjestene ved BesteBakken (på el-sykkel).

Innspel frå Adventure Tours og Olav Grov:

- 1) **Skjolden - Ornes (30 km, langs fjorden): "The Romantic Road" / Den romantiske vegen.**

<https://www.sognefjord.no/sjaa-og-gjere/den-romantiske-vegen-p993733>

Dette er ein veg/sykkelrute som eg kjem til å prioritere mitt arbeid med. Målet er å bygge opp denne vegen til å bli ei "signaturute" som blir ein reason-to-visit for Lustrafjorden. Potensialet er veldig stort i denne vegen - både med tanke på naturopplevelse og rik historie. Saftbygda Sørheim, Feigefossen med 218 meter, Kroken med Munthehuset og ikkje minst Urnes med UNESCO stavkyrkje, hjortefarm og lokal kafè. Utfordringar til denne vegen er at det ikkje er ein dedikert sykkelveg (men har relativt lite trafikk i forhold til rv55), 3 tunellar heilt utan lys, og at ruta ikkje er marknadsført tilstrekkeleg til no.

Adventure Tours har ei side med noko

informasjon: <https://www.adventuretours.no/biking/biking-the-romantic-road/>

Karlis Bremer sit på domenet: www.romanticroad.no som han held på å utvikle. Dette kjem til å bli ei landingside spesielt til denne vegen og er noko han kjem til å bruke tid på utover haust/vinter for å bygge opp - noko som også vil vera veldig interessant for Bike & Hike-prosjektet. Ruta kjem til å ha eit fokus på leisure cycling og som ei rute som ein kan tilpasse sitt fysiske nivå.

- 2) **Skjolden - Drivandefossen (7 km, langs asfalt og grusveg, 3 mindre bakkar - elles flatt): Bike & Hike to Drivande Waterfall**

<https://www.adventuretours.no/biking/bike-hike-to-drivande-waterfall/>

Dette er eit produkt som me har hatt gåande i nokre år, både som guida tur og som sjølvguida. Eitt år forsøkte me å køyre daglege avgangar på denne turen i høgesesong, men med skuffande trafikk. Under cruiseanløp i Skjolden køyrer me større grupper opp saman med våre guidar. Vegen inn til Mørkridsdalen er veldig god for sykling ettersom det er lite biltrafikk, og i tillegg til Drivandefossen er det moglegheit til å vandre innover mot Dulsete og Breheimen. Mange moglegheiter for vandring.

- 3) **Skjolden - Nørstedalsseter (30 km, mest på grusveg, mykje stigning)**

Via rv. 55 og inn Mørkridsdalen. Ein relativt krevjande tur dersom ein syklar opp dalen.

Nørstedalsseter tilbyr i dag sine syklar til utleige på Nørstedalen og henting av syklar. Vegen er open for biltrafikk.

Innspel frå Fjord Cycling ved Merete Høgi

Kommune	Overnatningsplassar med med tilrettelegging for sykkel	Transport/henting & bringing av syklar/vedlikehald	Matopplevingar m.v. som kan koplast på	Ruter/turløyper med status for tiltak
Luster	Lyngmo, Eikum, BesteBakken, Walaker, Tørvis, Gaupnetun, Skjolden Hotell	Sykkelbåt frå Skjolden Gjera «den romantiske veg» til ein attraksjon	Kafe på Tørvis, Lustrabui, Skjolden Hotell	Skilting av Sørsida og nordsida av fjorden. Hafslo – Skjolden eller Hafslo – Urnes-Skjolden. Skilte gamlevegen i Solvorn som sykkelveg. Bruke alle moglege vegar utanom tunellar
Luster	Eikum, BesteBakken	Veitastrandsvegen tilbud om transport tilbake	DNT hytta som skal byggjast på Tungestølen, Butikken, som har kafeplass	Vegar utenom alle tunellane tilretteleggjast for syklistar
Luster	Jostedalen Hotell	Sykle Jostedalsvegen med besøk på Breheimssenteret, tilbud om transport tilbake.		
Luster	Eikum, Bestebakken, Walaker	Transport tilbake frå Hafslo El-sykkel tur	Bremerfjøsen Besøksgard	Frå Årøy, rett etter tunellen, mot Simoseter, fram til Soget og vidare til Hafslo Også mulig å sykla oppover frå Hafslo mot Hongi, flott grusveg og område

Ruter/vegar som er kan vera aktuelle, men som har utfordringar

Innspel Adventure Tours:

Nytt i 2020/2021: Skjolden - Wittgensteinhuset

I desse dagar jobbar Skjolden bygdelag og IL Fanaråk med å få i gang eit prosjekt om å bygge ut ein gang- og sykkelveg frå Skjolden, via Eidsvatnet, og frem til Wittgensteintavla. Frå Wittgensteintavla er det i dag ein ferdig gang- og sykkelveg til Wittgensteinstien og Fortun som berre vil bli brukt som anleggsveg, gang- og sykkelveg - dette vil bli ein veldig fin og enkel "lågterskeltur" for besøkande i Skjolden. Historia rundt Wittgenstein og gjenreisinga av Wittgensteinhuset er også interessant.

Innspel frå møte i Luster:

- 1) Veg Gaupne-Skjolden er NASJONAL TURISTVEG. Midlar å henta ut til å ordna vegen utanom tunnelane? Opning av sykkelveg 2020/21?

Rundtur rundt Lusterfjorden er utruleg fin! Så dette bør kanskje prioriterast.

Ikkje mogleg å sykla på utsida av tunnel mellom Gaupne og Skjolden – kva gjer me?

Tunnel(ar) også på sørsida av Lustrafjorden og på Veitastrondi. Korleis finansiera sikring?
Hovudprosjektet må ha møte med Statens Vegvesen for å avklara mogleheter/utfordringar.

- 2) Gaupne – Jostedalen med Brebuss på retur. Kan kople på brevandring. Treng sykkelhengar til bussen.

Aktuelle aktørar for utleige og /eller guiding

Fjord Cycling ved Merete Høgi driv med skreddarsaum og sykkelturar over heile Sogn.

Utleige:

- Skjolden Hotel ved Siri Dalehaug har nokre syklar på lån frå Adventure Tours som dei leiger ut.
- Breheimsenteret i Jostedalen ved Trygve Snøtun
- **Adventure Tours** ved Karlis Bremer. Adventure Tours sitt sykkellager i dag:
 - ca. 25 by-syklar m. 7 girs m. pedalbrems
 - ca. 14 hybridsyklar av merket Trek.
 - 6 el-syklar av merket Trek.

Aktuelle aktørar for vedlikehald og transport av syklar

Transport:

- Brebussen (treng då sykkelhengar)
- Adventure Tours har sykkelhengar med plass til 14 syklar. Karlis Bremer har også ein idé om å utvikle ein "sykkelhengar" til den eine RIB-båten, slik at dei har moglegheit til å frakte 4-6 syklar med RIB - på den måten kan ein opne opp Sognefjorden på heilt nye måtar enn tidlegare.
Utvikling av denne typen modul til RIB er i dag ikkje prioritert, men er sett på som eit *utviklingsprosjekt*.
- Fjord Cycling ordnar transport av syklar til eigne turar pr i dag.

Vedlikehald:

- Adventure Tours har i dag 2 tilsette i selskapet som jobbar i sportsbutikk på vinteren med å vedlikehalde alle typar syklar.

Kommentarar/ andre opplysningar

Merete Høgi frå Fjord Cycling føreslår at alle kommunane i Sogn går saman om å investera i ein sykkelbåt eller to som skal frakta syklistar og syklar over heile Sogn. Sognefjorden som motorveg. Dette vil løysa utfordringar i forhold til logistikk/transport også for dei som kjem til Sogn for å gjera noko anna enn å sykla. Spennande tanke som hovudprosjektet kan arbeida vidare med. Ein sykkelbåt vil vera eit heilt unikt produkt for området vårt på same måte som toget er unikt for Sør-Tirol.

Det er mykje som ligg til grunn for at Skjolden og Lustrafjorden har veldig godt potensial for sykkelturisme, og Adventure Tours spelar inn Skjolden som ein naturleg hub for sykkelutleige, guida turar, opphald og matopplevelingar.

Sogndal

Aktuelle ruter/vegar

- 1) Rundtur frå Kaupanger med Sogn Folkemuseum, Kaupanger Stavkyrkje og Fjordmuseet på ruta.
- 2) Sykle rundt i Amlabukti
- 3) Haukåsen-Storehogen via grusveg som er stengt for trafikk (vedlikehaldsveg for flyplassen, Telenor og grunneigar)
- 4) Dalavatnet rundt – trafikkert – frå Hodlekve til Uteplassen t/r

Ruter/vegar som er kan vera aktuelle, men som har utfordringar

- 1) Kaupanger-Sogndal via traktorvegar (grunneigarutfordringar?)
- 2) Bike & Hike mellom Leikanger (Njøsadalen) via veg over til Sogndal Skisenter Hodlekve i Sogndal (10-15 mil). Prosjektet er fort stort til at Hodlekve kan løfta det åleine - må skje i samarbeid med Leikanger kommune. Per Odd Grevsnes er positiv. Må sjekke ut: grunneigarproblematikkar?
- 3) Gamle dalavegen (ned Sogndalsdalen) med kopling til Hodlekve
- 4) Sogndal-Luster (syklar på BesteBakken)

Aktuelle aktørar for utleige og /eller guiding

Sognefjord Guiding ved Torbjørn Ørnes

Sogndal Skisenter Hodlekve satsar uavhengig av Sognefjorden Bike & Hike på å bli ein base for lokal sykkelsatsing. Både retta mot turisme og lokale. Plan: 2019; få på plass stiar (3km), universelt utforma etter modell for sykkel- og vandresti på Beitostølen. Håpar å kopla på kommune, bankar og sparebankstiftinga. Hodlekve ønskjer hjelp frå VS til å koordinera ei sykkelsatsing.

Uteplassen overnatting og servering. Har 6 hardtailsyklar til utleige pr i dag. Drivar ikkje interessaert i å kjøpa inn fleire. Vil satsa på overnattings- og serveringsbiten.

Aktuelle aktørar for vedlikehald og transport av syklar

Intersport Sogndal; utleige og vedlikehald. Bygger butikk ved Hodlekve. Ski- og sykkelutleige mm

Sognefjord Guiding ved Torbjørn Ørnes (kan ta i mot syklar på ferja frå Gudvangen) og stå for logistikk for dei som vil sykla Gudvangen-Sogndal.

Kommentrarar/ andre opplysningar

Ønskjer å «geotagga» alle toalett for å gjera alle offentlege toalett tilgjengelege.

80 varme senger i Hodlekve alt til somaren – ulike hytter.

Uteplassen 55 senger.

Marknadsføra desse som Bikehotels / Bikecabins.

Pakketering!

Leikanger

Aktuelle ruter/vegar

- 1) Historic Route in Leikanger, halvdagstur (bryggeri, vingard, kafear og gravhaugar)

Ruter/vegar som er kan vera aktuelle, men som har utfordringar

- 1) Sykkel- og vandresti frå Leikanger over Nøstedalen til Sogndal Skisenter Hodelkve, ca 21 km.
NB! Grunneigarproblematikk.
- 2) Dagstur frå Flåm til Leikanger med båt for historisk sykkeltur gjennom frukthagane på Leikanger.
- 3) Nøstedalen-Mannsverk. NB! Grunneigarproblematikk.
- 4) Grimsdalen (anleggsveg pga kraftutbygging) til Kleppa og ut på Eggja. NB!
Grunneigarproblematikk.
- 5) Sykla ein runde i Leikangar, ta båten til Feios og vidare opp Vidasethovden (utkikkspunkt).
Køyrbart veg heilt opp.

Aktuelle aktørar for utleige og /eller guiding

Nytt sykkelguidefirma: Fjordtråkk ved Vetle Eriksen Dirdal 452 95 915

Aktør som jobbar ved Leikanger Fjord hotel (driv mobil badestamp for utleige). (Edgar?)

Per steinar Melås.

Aktuelle aktørar for vedlikehald og transport av syklar

Per Steinar Melås som driv Villmark

Kjetil Hovland som driv Digital Etikett

Kommentarar/ andre opplysningar

Åse Njøs i Leikanger kommune svært positiv. Har med seg representantar frå landevegsykkelmiljø. Njøs har pr april 2019 sagt opp stillinga si og skal over i anna arbeid.

Fjærland

Aktuelle ruter/vegar

- 1) Sykling inn i Supphelledalen er veldig greitt fordi det er på mindre trafikkerte vegar. Moglegheit for fjelltur med startpunkt Supphelledalen: Flatbrehytta og kringliggjande områder, stien gjennom Supphelledalen mot Veitastrond.
- 2) Sykling inn i sidedalar som Mundalsdalen og Horpedalen er også veldig greitt. Fine vandringsmoglegheiter til både stølar og kringliggjande høgfjell.

Ruter/vegar som er kan vera aktuelle, men som har utfordringar

- 1) Ruter som går inn til Fjærland eller ut av Fjærland er utfordrande pga mykje trafikk på vegane. Sykkel er ikkje tillatt i tunnelane til/frå Fjærland. Busstransport (Skei eller Frudalen) eller fergetransport (Hella/Balestrand) er naudsynt.
- 2) Sykling til Bøyabreen er ei utfordring på RV5 nordover frå Bremuseet. 80-sone og mykje trafikk sommarstid.

Aktuelle aktørar for utleige og /eller guiding

Guiding:

Fjærland Guiding – bretur, fjelltur, kajakk, dals- og stølsvandring. Alt frå lågterskel aktivitetar til meir krevjande turar.

Utleige:

Bøyum Camping – ligg mellom Fjærlandsfjorden og breane.

Aktuelle aktørar for vedlikehald og transport av syklar

Transport/service:

- Fjærland Taxi har tilhengar og kan tilbyr transport gjennom tunellane. Tlf 90926582
- Fjærland Kai – servicebygg med toalett og dusj
- Passasjerbåt (Fjord Cruise(frå Hella/Balestrand) – i sommarsesongen
- Brebussen – guida busstur til breane kvar dag i sommarsesongen
- Buss – det går ymse ekspressbussruter gjennom Fjærland mot både Oslo og Bergen. Sikkert mogleg å ha med sykkel her. Busstopp ved Bremuseet (Fjærland kryss, også kalla «Mekken»).

Kommentarar/ andre opplysningar

Balestrand

Aktuelle ruter/vegar

- 1) Balestrand-Dragsvik t/r (populært)
- 2) The Three Fjord Drive; Esefjorden-Sørefjorden-Vetlefjorden (2019)

Ruter/vegar som er kan vera aktuelle, men som har utfordringar

- 1) Balestrand-Menes med Fjærlandsbåten (ta med sykkel frå Balestrand til Menes for å sykla tilbake til Balestrand). Krever avtale med han som bur på Menes og han som har båten. Her kan ein legga til rette for at ein sykkel kan leigast ut to gonger om dagen til faste tider – forenkla logistikk.
- 2) Menes-Utsikten på Gularfjellet (trafikkert veg)

Aktuelle aktørar for utleige og /eller guiding

Balestrand Adventure (tilbod i dag) ved Jesse Bratt m.fl. Frå Turistinformasjonen i Balestrand.

Tor Andre Balevik/Balestrand Fjord Angling. Har 2 stk elsyklar pr i dag. Tilbyr tur for 2 pers med båt td til Menes eller andre stader. Startar opp 1. april 2019.

Aktuelle aktørar for vedlikehald og transport av syklar

Balestrand Tour er ein minibussaktør som kan ta med seg syklistar og syklar til toppen/utsikten på Gularfjellet slik at dei kan sykla ned att. Geir Willy Nesse.

Kommentrar/ andre opplysningar

Innspel frå Balestrand om test sesong 2019: Aktivitetsbuss mellom fjordbygder. Kan selja produkt som startar med busstur Sogndal-Balestrand. Aktivitetar i Balestrand. Kan også vera lett tilgjengeleg for å hekta på sykkelfengar.

Kva funksjonar treng ein å få på plass for å få det til å fungera?

- 20-30 syklar i Balestrand sesongen 2019.
- Samarbeid Vik-Balestrand: Aktivitetssenter i Balestrand; lokale guidar. Laga nokre pakkar vandring og andre regionale produkt som RIB mm. Samarbeide med Vik. 5 aktørar; Gone Padling, Jesse Bratt med sykkel og vandring, Balestrand Fjord Adventures (RIB), Fjærlandsbåten, Balestrand Fjord Angling og Geir Willy Nesse (Balestrand Tour). + Leigebil; Balholm Bilutleige.
- Båten til The Fjords som går Balestrand-Flåm, kan td stoppa i Fresvik (må be om å få gå av) og andre plassar.
- Vik-Ortnevik-båten er også aktuell. Godt tilbod. Ortnevik og vestover. Ta ferja frå Oppedal-Lavik. Lite bilar.
- Kveiteoppdrett i Ortnevik. Stavkyrkje + vanlege kyrkja. Parken på Brekke – flott!

Det var gjennomført test 2018: RIB frå Balestrand til Ortnevik, besøk på kveiteoppdrettet og stavkyrkja. Flott! Opplevelingane i Ortnevik kan ein kombinera godt med sykkel.

Vik

Aktuelle ruter/vegar

- 1) Sylringen som sykkelprodukt
- 2) Vangsnes rundt (el-sykkel som tåler grus). Grusveg til Høgretjønni på 600 moh. Parkeringsplass. Vidare på sti (hike) til utkikkspunkt. Bomveg for bil.
- 3) Frå Vik sentrum:
 - a. Dalane – kan sykla opp til høgdegardane, rundtur. Produkt som er testa ut av Merete Høgi. Jens Brekke var guide. GODE tilbakemeldingar! Demninga og gamle Refsdal kraftstasjon. Tilrettelagt som museum i dag.
 - b. Sentrum 2,5 moh – ut til Fosse – vidare opp til Skorge (seter/støl) ca 500 moh – gå 500 meter bort til kanten av Kyraelfossen – bademogleheit! – og tilbake same veg. Etter Fosse er det grusveg oppover. Best for elsykkel – jamn stigning heile vegen.
 - c. Hovudvegen inn til Grongen – t/r. Myrkdalen har brukt dette som elsykkelprodukt.
 - d. Stølsheimen – best med elsykkel, store høgdeforskjellar. Start ved hovudvegen rett før grensa til Hordaland, 2 mil inn til landskapsvernområdet – endar ved Kvilesteinsvatnet ved inngangen til landskapsvernområdet. Kan kombinerast med Hiking: gå til Gryteberg eller til Raudberg (1 time). Ser ut som ein er komen til Grand canyon.

Ruter/vegar som er kan vera aktuelle, men som har utfordringar

- 1) Vangsnes-Feios-Fresvik. 2 tunnelar, men lite trafikk. Manglar lys i Feiostunnelen.
- 2) Arnafjorden til ende. Trafikkert, men lite trafikk.
- 3) Grusvegar på Vikafjellet – logistikk med skyss opp, ta Endredalsvegen inn til Muravatnet. Same t/r. Krever sykkelbuss.

Aktuelle aktørar for utleige og /eller guiding

Utleige:

Solvang Ferietun (Vangsnes) ved Mariann Torsnes

Stigen ved Dee Cunningham (driv også overnatting i Fresvik). Kajakkutleige i dag.

Sylringen AS kan kanskje vera med på å investera i syklar for utleige.

Balestrand Adventure ved Jesse Bratt vil etablera samarbeid om RIB/sykkel i Vik.

Aktuelle aktørar for vedlikehald og transport av syklar

Sogneprodukt ved Ragnhild Fjærstad er til stades i fleire kommunar (Høyanger, Balestrand, Vik og Kaupanger). Kan kanskje ta på seg reingjering, service, vedlikehald og frakt/logistikk?

Kommentrarar/ andre opplysningar

Go Fjords er eit eige prosjekt: Norled og Tide sørger for buss- og båtturar til Vik. Gjestene kjem med båt frå Bergen inn til Vik midt på dagen, eller med buss frå Bergen via Voss ca 1330. Tilbringer ca 3 timer i Vik og får tilbod om ulike opplevelingar. Starta i juli/august 2018. Vel 1000 besökande. Veldig fint å kombinera med sykkelprodukt i Vik! Kjem til å ha eigen båt i juli/august for å ikkje stela kapasitet frå ekspressbåten.

Innspel frå Fjord Cycling: **Sykkel og båt**, Arnafjorden, Melkebåten eksisterer allereie, Jens Brekke har vore i kontakt med dei i forhold til Merete Høgi sin tur. Båten kan leggja til i Arnafjorden og ta med syklistar tilbake til Vik. Ønskje om å inngå samarbeid med Morten Neset og kafeen hans på brygga. Han har ein kafe på brygga som har ope når han vil, kanskje er det nokon i Arnafjorden som kan hjelpe til på frivillig basis eller anna for å utvida kafetilbudet i sommarsesongen.

Ta **Sylvringen** i bruk - flott kultursti som inneholder gamalostsmaking på Ostekafeen. Kva med å utvida dette tilbodet?

Vik - Vangsnæs - Balestrand er ein grei strekning som Fjord Cycling har inkludert i si sykkelveke, skilting kan alltid bli betre. Må få opp **skilt gamlevegen til Fritjofstatuen** - ned til kaien.

Høyanger

Aktuelle ruter/vegar

Rute 1

Oppstart ved museum/galleri og ender ved kraftstasjon K2 i dalen der ein kan gå trappene. På vegen kan ein få med seg mykje kulturhistorie. Høyanger vart planlagt som ein lys og romsleg «hageby» med opne allear, torg og fonteneprydde parkar. Du får sjå den særeigne arkitekturen. Det er også muligkeit til laksefiske i dalelva. På vegen syklar du og forbi Høyangerbadet, idrettsanlegg og tufteplassen. *Alternativ rute* ned igjen: over hengebru og natursti ein del av vegen. Sørlege delar av ruta går på grusa sti.

Rute 2 Bysykkelrute

Oppstart ved museum/galleri. Høyanger er framstilt som eit lærestykke i byplanlegging og bybygging frå 1900-talet, med fleire kulturhistoriske og arkitektoniske kvalitetar. Men utbygginga hadde andre sider, Høyanger var lenge eit klassisk klassedelt industrialsamfunn, som og avspeglar seg i bustadbygginga. Ruta kan og inkludere rosepark og kyrkje. Muleg forlenging til båthavna – badestrard

Rute 3

Anleggsveg til synken – synkenhytta (dagsturhytta, open med toalettfasilitetar)

Transport opp til «flyplassen»

Muligkeit til å kombinere med fleire vandreruter.

Kombinere med fiske: uldalsvatenet, trollebotsvatenet

Tur opp til toppenhytta- utsiktpunkt

Ikkje langt frå parkeringa er det fantastisk utsikt over Høyanger.

Frå Lavik:

- 1) På nordsida av Sognefjorden - ein tur til bygda Leirvik eller over til Hyllestad. Turen til Hyllestad er noko utfordrande med to meir bratte parti, men er vel verdt utfordinga. Sykkelturen til Hyllestad kan kombinerast med eit besøk i Kvernsteinsparken, der du kan ta turen tilbake til vikingtida
- 2) Ta ferja over til sørsida av Sognefjorden og utforsk den andre sida av fjorden. Besøk bygda i Ikjefjorden, eit perfekt utgangspunkt for fjellturar, eller hald fram til Massneset Villmarksmuseum, eit unikt museum der ein kan lære om lokal kultur og dyreliv

Ruter/vegar som er kan vera aktuelle, men som har utfordringar

Rute 4

Fra sentrum til Austreim/badestrand

Ein kan da sykle på utsida av Hovdetunellen og Kvernhaugstunellen. Kan være rasfare i området, passar best til solskinstur. *Nokre kilometer på fylkesvei.*

Rute 5 Vadheim

Fra Sogn Hotel og opp til Markeset.

Passar best med El- sykkel, mykje motbakkar

Rute 6 Vadheim

Transport opp til Monsdalen. Anleggsveg der ein kan oppleve stølsmiljø, gardar, fiskemuligheter og kombinere med vandreruter.

Rute 7

Høyanger – Nordeide- Ortnevik

Transport med Tansøy frå Nordeide til Ortnevik. Her kan ein oppleve stavkyrkja, kveiteanlegg mm. *Må sykle 3,5 km på fylkesvei.*

Aktuelle aktørar for utleige og /eller guiding

Balestrand Adventure vurderer å etablera ei avdeling i Høyanger.

Sogn Tours/Lavik Fjord Hotel

Aktuelle aktørar for vedlikehald og transport av syklar

Ingen per no.

[Kommentarar/ andre opplysningar](#)

Høyanger har, på lik linje med Årdal, ei unik moglegheit til å kombinera sykkelturisme med industribesøk.

Aurland/Flåm

Aktuelle ruter/vegar

- 1) Rallarvegen med start på Geilo/Haugastøl til Flåm. Godt etablert i dag!
- 2) Utleigepunkt på Sogneposten? (Forslag fra Nærøyfjorden Verdsarvspark)
 - a. Aurlandsvangen – Skjerdal (Skaldegard?)

Ruter/vegar som er kan vera aktuelle, men som har utfordringar

- 1) Aurland-Aurlandsfjellet (evt transport til Lærdal)-Lærdalsøyri. Aurlandsfjellet er svært trafikkert på sommaren
- 2) Frå Flåm med Flåmsbana-tog gjennom Gravhelsen til Upsete-sykle til Voss
- 3) Rundtur Flåm-Myrdal-Upsete-Voss-Gudvangen-Flåm. Flåm-Myrdal med sykkel eller tog. Myrdal-Upsete med tog. Upsete-Voss-Gudvangen med sykkel. Gudvangen-Flåm med båt.
- 4) Dyrdal til Drego (grunneigarproblem?)
- 5) Bakka til Gudvangen – rasfare?
- 6) Skjerdal
 - a. Flaskehals i Skjerdal ved Laim Stølskafe. Her burde det vera toalett og parkering. Fjordsafari er aktør. Dei kjem inn med båt og går opp til stølskafeen.

Aktuelle aktørar for utleige og /eller guiding

Vener av Flåmsdalen (kulturformidling)

Flåm Guideservice

Explore Undredal

Aktuelle aktørar for vedlikehald og transport av syklar

Ingen forslag per no, men kan utfordra Explore Undredal og/eller Haugastøl.

Kommentrarar/ andre opplysningar


Svært viktig å få på plass infrastruktur mellom Bøen og Aurland – dvs gang- og sykkelsti som vil knytta saman Flåm og Aurland. Stor utfordring at knutepunkta ikkje er kopla saman. Problem kring toalett og bos i verdsarvområdet. Forslag om sykkelbåt som noko unikt og berekraftig som kan kopla Flåm med andre fjordbygder.

Aktuelle tiltaksområde i hovudprosjektet

TILTAK	KOMMENTAR	FORSLAG TIL LØYSING	ANSVAR OG FINANSIERING
Visjon og prosjektskisse	Sogn som Süd-Tyrol innan sykling. Definera innleide mål, strategiar og tiltaksområde for hovudprosjektet	Lage skisse for mogleg 10-års prosjektplan for utvikling. Forprosjektet med evt etablering av hovudprosjekt	Visit Sognefjord i samarbeid med Sogn regionråd og næringsnettverket. Eigen prosjektleiar for hovudprosjektet. Ansvar: VS ved/Ståle
Regional profil og samarbeid	Idesksisse til felles profil og overbygging for felles sykkelgang i Sogn	Felles merkevare og branding, regionale samarbeidsløysingar for felles sykkelprodukt med lokal forankring og eigarskap	Hovudprosjektet og VS
Marknadspotensiale	Kunnskap om etterspørsel, forbrukaråfert og lønnsemnd	Rapportar fra Innovasjon Norge og NCE Tourism	Visit Sognefjord
Dørme på «best practice»	Hovudprosjektet bør organisera studietur for aktørar i prosjektet	Süd-Tyrol, Skottland og/eller andre regionar i Norge og Utlandet	Hovudprosjektet og VS
Kartleggje ruter vegar som er klare for oppstart	Identifisera aktørar og ruter som kan vera «først ut» som del av ei sykkelgang	Balestrand og Luster har aktørar som er i startgropa. Naturleg å kopla på Vik og Årdal.	Hovudprosjektet og VS
Kartleggja aktuelle utviklingstiltak og logistikk	Transport, skilting, utelege, service/vedlikehald, retur til uteleigepunkt, transport av syklar og folk mellom kommunane	Avklaring med Statens vegvesen i hovudprosjektet	Hovudprosjektet og VS
Inngå forpliktande samarbeid med næringsaktørar	Lage samarbeidsavtalar med aktørar som er identifiserte i forprosjektet. Nokon nye vil koma til og nokon gamle vil falla ut	Bruke kartlegginga frå forprosjektet og gå i djupna på den	Hovudprosjektet og VS
Inngå forpliktande samarbeid med aktørar for transport og vedlikehald	Lage samarbeidsavtalar med aktørar som er identifiserte i forprosjektet. Nokon nye vil koma til og nokon gamle vil falla ut	Bruke kartlegginga frå forprosjektet og gå i djupna på den	Hovudprosjektet og VS
Organisering og partnarskap	Klargjera ansvarsområde for offentleg sektor vs næring. Idear/innspeil til hovudprosjektet	Offentleg involvering og finansiering må på plass i starten av prosjektet. Spesielt viktig med tiltak i samband med transport og infrastruktur, men også når det kjem til investeringar, materiell opp mot forventingane til næringsaktørane sine eigne investeringar og ansvarsområde i dei ulike fasane av sykkelgangen. Forankring i regionrådet og i kommunane.	VS ved Ståle i samarbeid med Sogn regionråd og næringsnettverket. Eigen prosjektleiar for hovudprosjektet. Ansvar: Ståle.
Finansiering av prosjektleiing og tiltaksområde	Synleggjera moglege finansieringskjelder og evt anbodssystem for kommersielle aktørar	Infrastrukturmidlar frå fylkeskommunen, bedriftsnettverk, Innovasjon Norge, SIVA, Sogn regionråd og marknadsmidlar frå VS, folkehelsemidlane og	VS og SR

		Gjensidigestiftinga (skilting og merking)	
Skilting og merking	Som eige prosjekt i hovudprosjektet	Må føregå i samarbeid med Statens vegvesen grunna tunnelar på utsette strekningar. Hovudprosjektet må i dialog med vegvesenet så snart som råd	Hovudprosjektet og VS

Sykkelkart laga av Jesse Bratt som syner sykkelmogleheter i fylket vårt:



Forklaring til kartet:

Fargane er bestemte av årsdøgntrafikk:

- Grøn: 400 bilar eller færre og behageleg for syklistar
- Gul: Mellom 400 og 600 bilar og OK for syklistar
- Raud: Over 600 bilar og ubehageleg for syklistar

Tunnelar utan sykkelforbod er ikkje lagt inn i kartet. Tunnelar med sykkelforbod har stort sett vegar utanom, men her må Statens Vegvesen på bana for å skilta, avklara risiko/rasfare osb.

Alle data frå samlinga til
vegvesenet:<https://www.vegvesen.no/vegkart/vegkart>